


KYRKJEBLAD

for NORD-FRON


Nr. 3 • HAUST 2020 • Årgang 64



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje




Foto: Cindy van der Leden

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor
Tlf 612 16 290
Kyrkjeverje:
Torbjørn Sakariassen
Tlf 612 16 292
Sekretær: Grete Bakken
Tlf 612 16 290

KONTORTIDER:

Kl 09.00-13.00
og elles etter avtale

SOKNEPREST:

Jens Petter Ous
Tlf. kontor 612 16 293
Mobil 975 74 993

Terje Elvestad
Tlf kontor 612 16 294
Mobil 456 11 772

DIAKON:

Stillingen blir utlyst

TRUSOPPLÆRAR:

Hildegunn Maria Haanes Ruset
Tlf kontor 612 16 286
Tlf mobil 959 35 300

KANTOR:

Cindy van der Leden
Tlf 954 61 356

ORGANIST:

Solfrid Grønbeck
Tlf. 416 18 405

SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:
Kirsten Dina Leine
Tlf. 901 01 690
Kyrkjetenar/gravar:
Anders Stø
Tlf 612 90 974/909 60 650
Kyrkjetenar:
Frank Varpestuen
Tlf 456 06 026
Kyrkjetenar Ivar Kvande
Tlf. 951 58 927

KVAM SOKN

Soknerådsleiar:
Egil Myhre
Tlf. 970 67 723
Kyrkjetenar:
Svein Fredrik Kjæstad
Tlf 908 45 584

KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:
Kristian Ekre
Tlf 612 95 832/911 31 563
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:
Unni Bøyum Kluge
Tlf 932 92 209
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

FAMILIE-RÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta
Storgt 21, 2670 Otta
Tlf 612 30 536
Kl 09.00 – 14.00

Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.
www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døpte

KVAM:

Elias Strandheim
Jakob Kristiansen Kjøk
Johan Lillesandbu
John Birkelund Holen

SØDORP:

Lukas Nedrud Dahl (Ringebru stavkyrkje)
Mikkel Mølmen
Eva Tamburstuen Hartley (Lomsetra)
Theodor Bjørkheim Godlien (Sør-Fron kyrkje)
Valeria Hegge Budsberg (Nårkampen Sør-Fron)
Alma Mariasson
Thea Johnsen Skreden
Linnea Marie Løkken-Haug (Sør-Fron kyrkje)
Emil Aarnes Rudihagen (Venabygd fjellkapell)

KVIKNE:


Tiril Halvorsen
Johanna Mikkelsen
Ola Rannstad Dahlen



Vigde

SKÅBU:

Mari Elden og Paul Andreas Kopperud



Døde

KVAM:

Hjørdis Slåstuen
Magnhild Slåen
Lars Øyen Andreassen
Jan Kåre Lien

SØDORP:

Paula Kvernstuen
Gudrun Ottesen
Liv Snøfrid Skaare
Palmer Klypen
Anny Helene Bondestad
Ragnhild Sagranden

SKÅBU:

Asmund Kristoffer Kvålen
Marit Sande

KVIKNE:

Ivar Johannes Varpestuen

v:pps

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266
SØDORP: 135692
KVAM: 113553
SKÅBU: 115389

Kyrkjekontorets e-post-adresse: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

NESTE NUMMER

av «Kyrkjeblad for Nord-Fron» kjem ut i midten av desember 2020.
Frist for stoff: 20. november.

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Dette nummeret er redigert av Grete Bakken og Jens Petter Ous.
Redaksjonskomitè: Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),
Morten Sylte (Kvam), Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59776

Finn 5 feil

Etter at Jesus døydde, gøymde læresveinane seg. Dei var redde og lei seg. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn namn på 10 insekt!


I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 insekt. Namna står bortover og nedover. Klarer du å finne alle saman?

R	E	V	L	I	N	S	N	I	P
G	R	E	S	S	H	O	P	P	E
M	K	P	L	A	U	M	R	L	T
A	E	S	O	T	M	M	A	U	R
R	F	Å	P	R	L	E	T	S	O
I	J	U	P	I	E	R	E	S	V
H	O	M	E	G	S	F	L	U	E
Ø	M	U	M	I	L	U	S	L	L
N	P	I	L	I	O	G	V	P	Ø
E	K	A	K	E	R	L	A	K	K

Fargelegg!

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Men Jesus sto opp frå dei døde, og viste seg for Tomas og dei andre læresveinane!



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



VITSAR

– Mamma, eg har funne ein falsk hundrelapp!
– Korleis veit du at han er falsk?
– Det er tre nullar i staden for to.

– Mamma, hugsar du den dyre vassen du var så redd for at skulle bli øydelagt?
– Ja?
– Eh, no treng du ikkje å vere redd for han lenger ...

Bli med på årets strikke-dugnad

Strikk for et varmere samfunn!



De oransje plaggene er en eksklusiv kolleksjon av hjemmestrikket varme.

Plaggene strikkes av ildsjeler over hele landet som vil bidra til mer varme og inkludering i en førjulstid som er tung for mange.

Den 2. november er Årets varmeste dag. Da kler vi Norge med oransje plagg.

Dette markerer starten på juleaksjonen «Gled en som gruer seg til jul».

Hjelp oss å spre varmen på sosiale medier! Del og tagg dine strikkebilder med:

#etvarmeresamfunn

#oransjeskerf

#kirkensbymisjon

Følg Kirkens Bymisjon på Facebook for oppdateringer: [facebook.com/bymisjon](https://www.facebook.com/bymisjon)

Vi oppfordrer alle til å ta frem strikkepinnene, og strikke oransje plagg for et varmere samfunn.

Bli med! Slik gjør vi det:

1. september:

Offisiell start av strikkedugnaden.



September-oktober:

Alle strikker oransje plagg. Vi liker og blir veldig glade når du deler bilder i sosiale medier. Ferdige plagg sendes til Kirkens Bymisjons kontor i ditt område.

2. november: «Årets varmeste dag». Vi har tro på at i et varmere samfunn er det færre som gruer seg til jul. Vi tar frem plaggene, og kler Norge i oransje. Plaggene kan du enten gi en som fryser, gi til en venn eller bruk selv som et symbol for et varmere samfunn.

November-frem til jul: Juleaksjonen «Gled en som gruer seg til jul». Gjennom å støtte juleaksjonen bidrar du med middager og et godt sted å være for mennesker i gatemiljøene.

Takk for alt engasjementet dere viser – og takk til alle som vil bidra!

Du kan nå kjøpe ferdige strikkepakker med alt du trenger, i tillegg til strikkepinner og ditt eget strikkesnett. Strikkeoppskrifter følger med i strikkepakkene.

Her får du kjøpt garnet: Garnet til de oransje plaggene får du kjøpt i vår nettbutikk: [kirkensbymisjon.no/nettbutikk](https://www.kirkensbymisjon.no/nettbutikk) og hos din nærmeste garnforhandler.

Her leverer du skjerfene: Skjerfene kan sendes eller leveres til ditt nærmeste Kirkens Bymisjons kontor. Frist for levering av skjerf er lørdag 24. oktober.

Kyrkja i Nord-Fron blir med på årets strikkedugnad

Vi startar opp med stikkekveldar i Sødorp kyrkjestugu mandagskveldar og fyrste kvelden er **19. oktober kl. 18.00.**

Ta med strikkepinnar og bli med på strikkedugnad for eit varmare samfunn.

Vi håpar å sjå både hybelbuarar og andre elevar frå vidaregåande, elevar frå barne- og ungdomsskule, pensjonistar og andre vaksne, ja rett og slett kvar og ein som vil vera med.

Vi ordnar med garn og oppskrifter. Kan du ikkje strikke så lærer vi deg det.

Det blir servert enkel kveldsmat.

Kyrkjekontoret tek i mot ferdig strikka plagg og syter for at dei vert sendt til Kirkens Bymisjon for utdeling.

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom diakonitenesta og trusopplæringa.

Følg elles med på Facebook sida til kyrkja for meir informasjon.

Helgemesse – Allehelgens dag – Minnedag 2020

På hausten – fyrste søndag i november – har vi Helgemesse i kyrkjene våre i Nord-Fron. Desse gudstenestene har skifta karakter over tid. Frå gammalt av var denne søndagen ein dag for å minnast alle dei helgenane som ikkje hadde eigen dag på kalenderen (Som til dømes Olav den heilage, (Olsok) 29.juli, eller døyparen Johannes, (Jonsok) 24.juni. I Noreg hadde vi primstavar med symbol for dei viktigaste helgenane. Frå nettet kan vi lesa:

«En primstav er en såkalt evighetskalender. Den var ofte utskjært i tre, med én strek for hver dag og symboler for ulike helligdager. Som regel har den to sider: én for vinterhalvåret og én for sommerhalvåret. Dermed kunne man telle seg gjennom dagene. Norske primstaver kan dateres tilbake til 1500-tallet. Primstaven var vanlig å bruke i Norge helt fram til 1700-tallet»

I vår kyrkje, der det talast lite om helgenar, har Helgemesse – eller bokmål: «Allehelgens dag» mista mykje av det gamle innhaldet. Dagen har vorte ein minnedag for dei vi har mist. Vi les opp namna på dei som har vorte gravlagt siste året, og vi er saman i sorga og stør kvarandre.

Her hjå oss i Nord-Fron brukar vi å ha gudsteneste i alle kyrkjene våre. I år – med Korona-pandemien som bakteppe – må vi gjera nokre grep så alle kan vera med! Difor gjer vi følgjande i år:

Alle kyrkjene vert haldne opne ei tid, så folk som ynskjer det, kan kome innandørs i varmen, sitje roleg i kyrkja med dei tankane som kjem på ein slik dag, be, tenne lys for den i familien som er gravlagt siste året, eller berre vere ein del av fellesskapen på ein dag vi treng kvarandre.

Det blir samlingar – utandørs – på kyrkjegarden på alle kyrkjegardane våre. Vi lagar ei kort gudstenesteleg samling, der vi syng ein salme, les ei tekst, les opp alle namna på dei som er gravlagt på kyrkjegarden siste året, ber ei bøn og Herrens bøn (Vår Far i himmelen) og avsluttar med ei salme.

Vi veit ikkje korleis vèret blir, så vi får oppmode kvarandre til å kle oss godt og vere førebudd på litt tid i ro ute på kyrkjegarden. Med denne måten å gjera samlingane på minnedagen, håper vi å kunne inkludere alle som ynskjer det, og samstundes klare å halde alle reglane som krevjast i ei tid med Korona: Ein meters avstand, god handhygiene, hoste i ålbogehola og halde oss heime om vi ikkje er friske.

Samlingane på kyrjegardane blir:

Kvam kyrkjegard	kl 13.00
Kvikne kyrjegard	kl 11.00
Skåbu kyrkjegard	kl 12.00
Sødorp kyrkjegard ved kapellet	kl 12.00
Sødorp kyrkjegard ved kyrkja	kl 11.00

Kyrkjene er opne til følgjande tider:

Kvam kyrkje	11.00 – 15.00
Kvikne kyrkje	11.00 – 13.00
Skåbu kyrkje	11.00 – 15.00
Sødorp kapell	12.00 – 14.00
Sødorp kyrkje	11.00 – 13.00

Konfirmantar i Sodorp kyrkje og kapell 12 og 13. september 2020



Første rekke f.v: Victoria Wistad, Vilde Espe Tarud, Inga Nella Tungen Midtskog, Ida Koikstadbagen Dablie, prost Arne Øystese, sokneprest Jens Petter Ous, sokneprest Kjartan Ruset, Synne Sletten Moen, Helene Sveen Grongstad, Ingrid Libia Bjørke, Victoria Groven.

2. rekke f.v: Karianne Rudihagen Dokk, Andrea Slovarp, Ylva Nitter Ellefrud, Synne Fageruold Bergset, Hanna Gryttingslien,

Suzanne Rossummoen Segrov, Jenny Marie Haugen, Andrea Lien Berget, Rønnaug Helen Solli.

3. rekke f.v: Marcus Bryan Grøthe, Eirik Fjeldberg Håland, Odd Helge Mørdre Larsen, Sigurd Amundsonn Wiig Lo, Simen Granli Stuen.

4. rekke f.v: Isak Lønstad, Oliver Lunde, Henning Fageruold, Østen Lunde, Emil Andre Holbøkken-Sto.

5. rekke f.v: Ulrik Fageruold, Hans Melby Tessneset, Edvard Isum, Sigmund Ruset Sletten, Sondre Kraggerud Wadahl, Ådne Skard Flåkøy, Sander Mathias Hagen, Kristian Nylyus Brende.

Konfirmant i Kvam kyrkje 19. september 2020



Framme frå venstre: Ingrid Klomstad, Terese Selfors Lund, Henriette Bryhn, sokneprest Jens Petter Ous, Sofie Sletten Kamp, Malin Nordlien Holten, Amalie Henden.

Bak frå venstre: Sandra Lillebo, Mari Teigen, David Sanden, Eivind Bergum, Eskil Meldal, Eskil Wilhelmsen, Åsmund Krok, Sigurd Stormorken, Sondre Nilsen, Renate Brendstuen.

Konfirmantar i Kvikne kyrkje 3. oktober 2020



Emma Berget-Kvernstuen, sokneprest Jens Petter Ous, Kari Bergljot Uhlen Aasmundstad, Åsne Oline Sletten

Konfirmant i Skåbu kyrkje 12. sept. 2020



Sokneprest Jens Petter Ous og Gudmund Haugen.

Oppstart konfirmantåret 2020–2021

Ein merkeleg vår og haust har det våre. Alt stansa opp med Korona-pandemien i byrjinga av mars. Kyrkjene vart stengde, konfirmantundervisninga stoppa opp, og framtida var prega av usikkerheit.

Men så byrja ting å skje: Vi fekk opna kyrkjene att for små samlingar. Nokre dåpsgudstenester var avhaldne, eit par vigslar, like eins. Så vart talet på kor mange som kunne samlast auka og i sommar var vi mest attende på vanleg drift, med dei krav som Koronapandemien set til hygiene og avstand. Av den grunn vart mange kyrkjekaffiar kutta ut og dei store samlingane med mykje folk, avlyst eller utsett. Mellom anna konfirmasjonen. Men noe i september/ oktober kunne konfirmantane sjå fram til konfirmasjonsgudsteneste, om enn noko annleis enn tidlegare, grunna organiseringa som måtte til for at konfirmantane kunne få med seg så mange i kyrkja på konfirmasjonsdagen, som reglane legg til rett for. Av den grunn vart det i år 12 konfirmasjonsgudstenester i Nord-Fron. Det er ny rekord! Sjølv om talet på konfirmantar ikkje er det høgste vi har hatt (Bilete andre stader i bladet).

MEN – kva med det nye konfirmantåret?


Vi var ikkje ferdig med alle konfirmasjonane, før vi samla det nye kullet, dei som skal konfirmerast våren 2021. Foreldre og konfirmantar hadde møter på kveldane 21-23 september, og fredag 25. i same veka hadde vi oppstart på konfirmantåret på Kirketeigen i Kvam (Ein forenkla start, samanlikna med konfirmantleiren på Nordfjord folkehøgskule, men ein lyt gjere det som er mogleg no i desse Koronatider!).

Så frå no av går konfirmantåret mest som vanleg. Og konfirmantane vil vere med i gudstenestene som ministrantar. Til stor glede for oss alle. Bilda på denne sida syner litt av leiken på samlinga på Kirketeigen. Attåt dette, fekk vi tid noko undervisning, god mat og ei gudsteneste som avslutning på dagen.

Foto: G Bakken/ tekst: JPOus



KONFIRMANT
20 ✨ 21



Bakkestugudagen 2020

Bakkestugudagen 2020 bar litt preg av ruskevær og smitteverntiltak. Den planlagte kulturvandringen måtte avlyses, - dette var ikke året for å kjøre vandrere ut i stappfulle biler. Men med i overkant av seksti deltakere på friluftsmessen ble det jammen en fin stund allikevel!

Korpset stilte opp, snille som alltid. Denne gangen utenfor grinda og med stor avstand fra hverandre. De skaper god stemning, folk gir villig vekk kollekt til dem, og vi er heldige og veldig glade for at de år etter år krydrer arrangementet!

Men prisen for beste innslag i år gikk nok allikevel ikke til korpset, men til en liten hær av regndresskledd barn som ivrig lette rundt husene etter det bortkomne lammet Krølle! Den såkalte Krøllegudstjenesten der trosopplæreren inviterer toåring, var lagt til Bakkestugu i år, et veldig trivelig innslag som vi gjerne tar imot oftere!

Hildegunn og Kjartan var ansvarlige for messen, og det regnet ikke mer enn at kirkekaffen med Ivars vafler og andre godsaker kunne serveres under partytelt.

Stor takk til alle medvirkende, og til store og små deltakere!



Kvikne kyrkje

Det har vore gjort mange målingar og kontrollar av Kvikne kyrkje dei siste par åra og dei syner at det er eskalerande sigeskadar på det eine hjørnet på kyrkja (mot vegen).

Ved fyrste målinga våren 2018 vart avviket målt til 8 cm nedsiging i dette hjørnet, men alle andre punkt på kyrkja hadde berre små og ubetydelege avvik. Seinare målingar syner at desse punkta er heilt stabile, utan endringar.

Det nemnte hjørnet derimot syner utviklande sigeskadar, som seinare målingar/kontroller syner:

Juni 2019: 3 cm ytterligare nedsiging,

April 2020: 2 cm ytterligare nedsiging

September 2020: 1 cm ytterligare nedsiging.

Total nedsiging er per dags dato nær 14 cm i dette hjørnet. Dette syner seg òg i tårnets loddstilling, som anslagsvis nå er 55 – 60 cm ute av lodd i retning det nemnte hjørne.

3 personar frå Riksantikvaren var på synfaring i kyrkja den 1. oktober og dei såg Alvoret i situasjonen. Dei har sendt beskjed til biskopen i Hamar om at det må setjast i gang med strakstiltak for å sikre ytterligare sigeskadar på kyrkja. Kommunen har òg vore med på synfaring i kyrkja og er samde i at strakstiltak på setjast i verk.

Strakstiltaka vil bli sett i gang i veke 42.

Nord-Fron kyrkjelege fellesråd ved underteikna takkar for godt samarbeid med kommunen og Riksantikvaren. (JPOus legg til: Grete Bakken held fram med å følge opp Kvikne kyrke og takarbeidet på Sødorp kyrkje, sidan ho er godt inne i dette arbeidet frå tida som fungerande kyrkjevevje).

Grete Bakken



Glint fra sommaren 2020...



Også denne sommaren har det vore mange samlingar rundt i Nord-Fron. Gudstenester i kyrkjer og på fjellet. Samlingar som mange av oss set stor pris på. Vi kjem litt nærare kvarandre når vi held til ute og når vi har tid til å prate saman både før og etter messa, gjerne med ein kopp kaffe og biteti. I det følgjande kjem det bilete frå sommaren...

Vi byrjar med eit bilete av vertskapet på Lomsætra, Odd og Hilde Skogen. Dei har hatt sætermesse på Skogensætra «i alle år» - som vi seier her omkring. Takk til dei to, og alle andre som har vore vertskap for sætermessene i år.



Lomsætra

Gode hjelperar har det vore mange av i år også; her er det bilete av «kaffegjengen» på Lomsætra; Kirsten Dina Leine, Ann Bryhn og Birgit Lunde Haugen. Kva skulle vi gjort utan alle dei som tek i eit tak og skapar trivelege møteplassar for oss alle!



Kaffegjengen; Kirsten Dina Leine, Anna Bryhn, Birgitt Lunder Haugen.

Olsokmesser hadde vi også denne sommaren; først i Kvam kapell kl 18 og så på Bygdatunet i Sødorp kl 20.



Vi er ikkje alltid så mange, men Olsokmessene har sin plass i kyrkjåret, og den hjelper oss til å kjenne vår kyrkje sine historiske røter. Dette kjem nok til å kome enno sterkare fram i året som kjem – 2021 – for då skal vi minnst at det er tusen år sidan Heilag Olav møtte Dale-Gudbrand på Hundorp. Historia om det kjenner dei fleste døler! På Olsokmessa på Bygdatunet var det også triveleg å få helse på ein av «gamleprestane» i Nord-Fron; Sigurd Røiseland. Han og kona var ein del av kyrkjelyden denne kvelden.

Peer Gynt messe på Kvamsfjellet



Så gjer vi eit hopp: Peer Gynt-messe på Kvamsfjellet. Sjølv om Peer Gynt-stemnet vart mykje redusert i år, på grunn av Kronaen, så fekk vi arrangert messa ovanfor Rondablikk. Været var godt med utsyn over Rondane – kan du tenkje deg ei vakrare altartavle? Dåp hadde vi også; Johan Lillesandbu vart døypt. Eit flott dåpsbarn i bunad. Dåpen vart utsett på grunn av Koronaen, som for så mange dette året, og då vaks guten ut av dåpskjolen.



Nytt frå trusopplæringa



Det har vore svært triveleg å få invitere barn og ungdom til kyrkjene att, etter ei lang periode utan aktivitet. Smittevern i samanheng med korona-smitta har gjort det vanskeleg å samlast i kyrkja sidan mars.

STØRST AV ALT



5-åringar i Kvam.



4-åringar i Kvikne.

I juni starta vi så smått opp att, med å invitere 2-åringar til Krøllegudstenester i Skåbu og i Kvam. I haust har vi gjennomført samlingar for 4- og 5-åringar i alle kyrkjene våre, med påfølgjande hausttakkefest. Det er givande å kunne feire Guds skaparverk i lag med barna!

Framover blir arbeidet gjennomført tilnærma normalt, men med ekstra fokus på smittevern. Det blir åtte samlingar med babysong i haust/vinter, fire **SUPERTYSDAGAR** som er familie-eftaer i Kyrkjestugu med middagsservering.

Laurdagsklubben starta opp at i september og held fram med fire samlingar før jul. Dette er søndagsskule på laurdagar, for dei mellom 4-12 år.

Det blir **KODE B- samling for 5.klassingar** i haust og **Lys Våken for 6.klasse**. Lys våken er første helga i advent, og dagen etter vi har overnatta i kyrkja blir det gudsteneste og **julegrantenning** utanfor Sødorp kyrkje!

Om smittesituasjonen tillèt det, skal vi igjen ønske **Kirkerottene** velkomen til Kvam kyrkje i oktober! Og trusopplæringa skal samarbeide med den diakonale tenesta i kyrkja og arrangere **strikkekafé** i Kyrkjestugu kor vi strikkar oransje skjerf til Kirkens Bymisjon.

Vi har losa ein flott gjeng konfirmantar gjennom si noko utvida konfirmasjonstid og ønskt nye konfirman- tar velkomne. Det er stort å få ønske velkommen ungdommen til eit år i lag med oss i kyrkja! Vi gler oss til å bli kjent og til å dele kyrkja og Bibelen med dei.

Det er med andre ord mykje å glede seg til denne hausten og vinteren. Vi håper du vil være med! Den enklaste måten å halde seg oppdatert er å bli ven med Kyrkja Nord-Fron på Facebook. Her blir datoar og informasjon lagt ut. Til dei aldersbestemte arrangementa sender vi også invitasjon i posten. Og så er vi tilgjengelege på telefon og e-post, ikkje nøl med å ta kontakt om de lurar på noko. Er det noko vi har erfart dei siste månadane så er det kor viktig fellesskapet er. No må vi nyte privilegiet det er å kunne treffast att. Og vi må halde på reglane, slik at vi kan halde fram å samlast!


Vel møtt til eit trygt og triveleg møte i kyrkja!

Andakt på Sundheim i Koronatider



Her er det kantor Cindy og prest JensPetter som skal på andakt på Sundheim.

I desse tider med pandemi – med Korona – er det mykje som er annleis! I tider med høg fare for smittespreiing har vi ikkje vore på Sundheim – naturleg nok. Men når det har vore høve til det, har vi hatt våre andakter på avdelingane. Som bildet syner, har vi brukt klede som Sundheim har halde oss med – alt for å hindre spreiiing av Korona. Sjølvsgatt har vi då også halde oss til dei råda som gjeld for oss alle om avstand, hygiene og sjukdom. Og har nokon ynskja samtale med prest på eige rom, så brukar prest munnbind.



Vaskedugnad Sødorp sokn



Dei driftige damene i Sødorp sokneråd har gjort ein skikkeleg vaskedugnad i haust. Dei starta med Sødorp kyrkje, så gavv dei laus på Sødorp kyrkjestugu og til slutt tok dei kapellet.

Det er vel lengje sidan det har vore gjort så grundig husvask i kyrkjene og kyrkjestugu. Vi vil takka kvar og ein av dykk som stilte opp, og brukte tida dykkar på dette.

Grønsåpelufta heng i veggane og minner oss om arbeidet som dykk har lagt ned.

«Vi hadde det veldig trivelig og morosamt i lag» er attendemeldinga eg har fått frå mange av dykk og det vitnar dette fine bildet om. Nokre av dei som var med på dugnaden er ikkje med på bildet.

Så nok ein gong, TUSEN TAKK for strålende arbeid og vi er glade for å ha dykk med på laget ☺.

Kyrkjekontoret v/Grete

SpareBank
GUDBRANDSDAL
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

TEIGEN – TANGEN
byggfirma

Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

Vinstra;libris

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no
www.libris.no/vinstra

Dale-Gudbrands
Trykkeri a.s.
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no



HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-



Vinstra.
Tlf 61 29 04 01

TOYOTA

DOKKEN BIL AS

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

Hageland
Bjørke



Tlf 915 750 74
Vi hjelper deg med blomster til
begavelse og andre anledninger.

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra
Tlf. 61 21 60 00
Fax 61 21 60 01

Bakken
Begravelsesbyrå Tlf. 47 68 22 27

Lore Søndenfor
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

SENTRUMS
HJØRNET

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

Vinstra Begravelsesbyrå

Liv Veikleenget

Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943

Døgnvakt – Gravmonumenter
Etablert 1979

JOBE
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.
Raskt tilbake.

Mobil: 412 56 304
Epost: post@jobegravsteinservice.no

BE Sanden Bygg AS

Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar

abaris
APPS FOR BUSINESS

Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km. Den møter Kvam
Sterveg på grensa Sødorp/Kvam. Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!
Se og les mer på: www.peergyntseterveg.com

RUSTUGUSETRA

Parkering - Butikk - Transport - Hytteservice

Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173
2642 Kvam

REMA
1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00



Kvam
Tlf 61 29 44 30

KIWI mini
pris

KIWI KVAM
TLF. 612 16 850

**STØTT VÅRE
ANNONSØRER!**



Skåbu Servicesenter
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208
2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen

Fronraktor Service

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barkedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



SKÅBU REGNSKAP AS

MEMBER
REGNSKAP
NORGE

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898

NYE ANNONSØRAR

er velkomne frå og med neste nummer. Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.

E-post: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Høstdikt av Inger Hagerup

Mange dager av purpur og gull har oktober gitt oss
under en himmel som daglig blåner seg mere blå.
Ennå er frosten bare et disig varsel bak åsen,
men langsomt, langsomt begynner året å gå i stå.

Aldri er sinnet så åpent som slike høstklare dager,
når luften smaker av blomster og av kjølig jern,
og noe svever forbi deg, et minne du ikke husker,
en drøm som bestandig er like udømt og fjern.

Kanskje er det skyggen av Han som sitter og venter
bortenfor alle blåner av dét du aner og vet,
der hvor tiden går under, og høst og vinter og sommer
drukner i stumhet og mørke og susende evighet.

Langt der ute i mørket har vi en fred i vente.
Men i menneskehjertet banker den samme drift
som får døgnfluen til å spile ut sine vinger
og får stjernene til å skrive sin himmelskrift.

Aldri kan mennesket løse den siste gåten om livet.
Men følger likevel budet fra livet selv
når vi erobrer et år, en dag eller bare en time
fra Den Stumme som bor bak det ytterste stjernehvelv.

Gudstenester i Nord-Fron

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
Bots- og bøneda 25.oktober Luk 13,22-30		11.00 Høgmesse . Nattverd. Kjartan Ruset		
Reformasjonsdagen Lørdag 31.oktober Joh 1, 16-17	19.00 Kyrkja Konfirmantane og prestane i Nord-Fron			
Helgemesse 1.november Matt 5,1-12	11.00 Kyrkja 12.00 kapellet Helgemessesamling KjRuset	13.00 Helgemessesamling Kjartan Ruset	11.00 Helgemessesamling Jens Petter Ous	12.00 Helgemessesamling Jens Petter Ous
23-s i treeiningstida 8.november Mark 10,28-31	11.00 Kappellet Høgmesse. Nattverd. Jens Petter Ous			
24-s i treeiningstida 15.november Joh6,63-69		11.00 Høgmesse. Nattverd. Kjartan Ruset		
Kr kongsdag/Domssøn 22.november Matt 25,31-46			11.00 Høgmesse. Nattverd. Jens Petter Ous	
1-s i advent 29.november Luk 4, 16-22a	11.00 Kyrkja Familiemesse «Lys vaken» Jens Petter Ous			19.00 Ljosmesse. Konfirmantane og Jens Petter Ous
2-s i advent 6.desember Luk 21,27-36		17.00 Ljosmesse Konfirmantane og Jens Peter Ous	19.00 Ljosmesse Konfirmantane og Kjartan Ruset	
Barnehagevandringar	Ruste Toksebakken Sentrum/Vestsida Sødorp	Kvam		Skåbu
3-s i advent 13.desember Luk 3,7-18	19.00 Kyrkja Ljosmesse Konfirmantane og Kjartan Ruset			
Skulegudstenester	Barhaug Sødorp Vinstra U	Kvam		Skåbu
4-s i advent 20.desember Luk 1,39-45			11.00 Familie-gudstenste Vi pyntar juletreet. Kjartan Ruset	

I GD på «Det Skjer» på fredager / På nettsida: www.nord-fron.kirken.no / Plakatar ved alle kyrkjene våre

Vi tek atterhald om at det kan kome endringar på gudstenestelista i desse tider med Korona.
Framleis gjeld alle reglar: Hald avstand – minst ein meter – Vask hendene (Dispenser med Antiback i alle kyrkje)
– Host i albogehola – og hald deg heime om du ikkje er i form («småsjuk»).



www.dg-trykk.no



KYRKJA I NORD-FRON
er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron

